



2018

## HEMSEDAL KOMMUNE



TERTIALRAPPORT  
2. tertial 2018

# INNHOLD

<b>0. INNLEIANDE .....</b>	<b>2</b>
<b>1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....</b>	<b>3</b>
<b>1.1 RÅDMANNEN MED STAB: .....</b>	<b>4</b>
<b>1.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>4</b>
<b>1.3 HELSE OG OMSORG:.....</b>	<b>4</b>
<b>1.4 TEKNISK.....</b>	<b>4</b>
<b>2. ØKONOMIPERSPEKTIVET .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SVANGERSKAP OG SJUKDOM - HOVUDOVERSYN.....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.2 KULTUR OG OPPVEKST (KOMMENTERT AV RÅDMANNEN): .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>5</b>
<b>2.1.4 TEKNISK.....</b>	<b>6</b>
<b>2.2 ANDRE KOSTNADER .....</b>	<b>6</b>
<b>2.2.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>6</b>
<b>2.2.2 KULTUR OG OPPVEKST (KOMMENTERT AV RÅDMANNEN): .....</b>	<b>6</b>
<b>2.2.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>6</b>
<b>2.2.4 TEKNISK.....</b>	<b>6</b>
<b>2.2.5 FINANS – ANNEN .....</b>	<b>6</b>
<b>2.3 INNTEKTER .....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.1 RÅDMANNEN MED STAB:.....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.3 HELSE OG OMSORG: .....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.4 TEKNISK.....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.5 FINANS - ANNEN.....</b>	<b>7</b>
<b>2.3.6 FRIE INNTEKTER – SKATT OG RAMMETILSKOT .....</b>	<b>8</b>
<b>2.3.7 EIGEDOMSSKATT .....</b>	<b>9</b>
<b>2.4 INVESTERINGAR .....</b>	<b>10</b>
<b>3. SPESIELLE HENDINGAR.....</b>	<b>12</b>
<b>3.1 RÅDMANNEN MED STAB: .....</b>	<b>12</b>
<b>3.2 KULTUR OG OPPVEKST: .....</b>	<b>12</b>
<b>3.3 HELSE OG OMSORG:.....</b>	<b>12</b>
<b>3.4 TEKNISK.....</b>	<b>12</b>
<b>4. VEDTAK .....</b>	<b>13</b>
<b>4.1 KOMMUNESTYRET: .....</b>	<b>13</b>
<b>4.2 FORMANNSKAPET .....</b>	<b>14</b>
<b>4.3 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS .....</b>	<b>14</b>
<b>4.4 HOVUDUTVAL FOR PLAN OG RESSURS.....</b>	<b>14</b>

<b>5. RÅDMANNEN SINE KONKLUSJONAR PR. 2. TERTIAL.....</b>	<b>15</b>
<b>5.1 MEDARBEIDARPERSPEKTIVET .....</b>	<b>15</b>
<b>5.2 ØKONOMIPERSPEKTIVET .....</b>	<b>15</b>
5.2.1 LØN KORRIGERT FOR REFUSJON SJUKDOM OG SVANGERSKAP .....	15
5.2.2 ANDRE KOSTNADER.....	15
5.2.3 ANDRE INNTEKTER .....	15
5.2.4 INVESTERINGAR .....	15
5.2.5 FORVENTA RESULTAT 2018.....	15
<b>5.3 SPESIELLE HENDINGAR .....</b>	<b>16</b>
<b>5.4 LØPANDE OPPFØLGJING AV VEDTAK .....</b>	<b>16</b>

## 0. INNLEIANDE

### Tertialrapport – bakgrunn:

Tertialrapporten er meint å vere ein rein avviksrapport der det som ikkje er kommentert må reknast med å vere under kontroll. Rapporten er utarbeidd på så grovt nivå som mogeleg.

	Ingen avvik
	Avvik, men under kontroll
	Avvik, sak til kommunestyret

### Tertialrapport – oppbygging:

Det blir rapportert på følgjande nivå:

- Medarbeidarperspektivet
- Økonomiperspektivet
  - Løn
  - Andre kostnader og inntekter
  - Vesentlege postar utanfor kommunen sin kontroll
- Investeringar
- Spesielle hendingar
- Vedtak

### Definisjon av vesentleg avvik:

Rådmannen definerer vesentleg avvik som at Kommunestyret hadde fatta anna avgjerd eller vedtak om dei hadde visst om avviket.


### Tertialrapport som ledd i anna rapportering:

Tertialrapporteringa er ei samling av informasjon frå månadsrapportering, men som ein sum pr. april og pr. august. Perioderapportane tek sikte på å gje signal om ev. naudsynlege justeringar av drift, medan årsmeldinga rapporterer historiske avvik. Dess lengre ut i året ein kjem, dess vanskelegare blir det å justere drift.


Kommunestyret skal ha melding om det som ikkje er gjort etter forventningane (eller som er gjort meir enn planen), årsaka til avviket og eige vurdering av kor alvorleg avviket er og om dette kan løysast administrativt.

## 1. MEDARBEIDARPERSPEKTIVET

### Totalt sjukefråvær 2015 - 2018, månad for måned:



### Korttidssjukefråvær 2015 - 2018, måned for måned:



**Kommentarar:**

Sjukefråværet for heile kommunen har vore lågt heile året, der særskilt korttidsfråværet er gledeleg lågt. Det er store variasjonar mellom verksemndene. Det gjennomsnittlige, totale sjukefråværet er pr. august 5,4 % og korttidsfråværet i same periode 2,0 %.

**1.1 Rådmannen med stab:**

Fråvær er gjennom året komme ned på eit bra nivå. Det totale fråværet er pr. august 4,2 % medan korttidsfråværet er berre 0,4 %.

**1.2 Kultur og oppvekst:**

Langtidsfråværet er 5,8% pr. august, korttidsfråværet pr. august er 2,1 % - i april var faktisk korttidsfråværet 0,89 %.

**1.3 Helse og omsorg:**

Langtidsfråværet er 6,5% pr. august, korttidsfråværet pr. august er 2,5 %.

Vi opplever å ha eit lågt sjukefråvær i helse- og omsorg i Hemsedal kontra andre tilsvarande avdelingar i andre kommunar i Noreg. Godt arbeidsmiljø og tilsette på tilbodssida er årsaka til dette. Långtidssjukefråværet er noko planlagt sjukefråver, som vi veit årsaken til og som er under kontroll.

**1.4 Teknisk**

Langtidsfråværet er 2,9 % pr. august, korttidsfråværet pr. august er 1,7 %.

Noko av fråværet er vanskeleg å erstatte med vikarar, eller gjennom omfordeling av oppgåver. Konsekvensen er at ein del oppgåver vert sett ut i tid.

## 2. ØKONOMIPERSPEKTIVET

### 2.1 Løn korrigert for refusjon svangerskap og sjukdom - hovudoversyn

**Meirforbruk pr. august:**

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose + meirforbruk	Forklaring til avvik:
Barnehage		+310.000	2.1.2
Skule		+1.541.000	2.1.2
Helse		+312.000	2.1.3
Omsorg		+483.000	2.1.3

**Mindreforbruk pr. august:**

Verksemd – rapportering	Kode avvik	Prognose mindreforbruk	Forklaring til avvik:
Rådmann med stab		-654.000	2.1.1
Teknikk		-1.433.000	2.1.4

#### Kommentarar:

Avvik som ikkje blir kommentert må reknast med er under kontroll.

#### 2.1.1 Rådmannen med stab:

Alle vedtekne stillingar er gjort tilsetting i, men vakansar fram til tilsetting vart gjort. I tillegg refusjon for sjukdom. Mindrekostnadene på løn vert ikkje nytt til andre føremål.

#### 2.1.2 Kultur og oppvekst:

- Overforbruk i barnehagen skuldast overtid vakttelefon. Det er gjort endringar i praksis frå tredje tertial. Det er også kostnader knytt til særskilte tiltak som barnehagane får eksterne tilskot til. I tillegg vart det sett inn strakstiltak grunna helsemessige årsakar. Dette fekk verknad fyrste og andre tertial.
- For skulene er det betalt ut ein del utdanningsstipend til lærarane. Desse vert dekka av tilskot frå staten og vil såleis ikkje føre til auka netto-kostnader.  
Det er også ein del andre tilskot som skal nyttast til undervisning i særskilte tilfelle. Slike særskilte tilfelle vert ikkje budsjettet korkje som løn eller som tilskot og skal ikkje føre til auka netto-kostnader.

#### 2.1.3 Helse og omsorg:

- Helse har eit meirforbruk på kr 312.000
- Omsorg har eit meirforbruk på kr 483.000

#### Helse

Meirforbruket på kr 312.000 i helse ligg hovudsakleg på legeteneste og på helsestasjonen. Legeteneste har mykje overtid i vintersesongen. Tidlegere leiar ved helsestasjonen er ikkje heimla, denne fell bort frå 1. september og meirforbruket vil for ein stor del dekkast opp av prosjektmidlar frå nytt driftstilskot til privat fysioterapeut (Helselaben) som kom inn på slutten av 2017. Prosjektmidler på helsestasjonen vil dekke opp noe for lønn.

#### Omsorg

Bygdaheimen har hatt fullt belegg, 2 personar delar rom. Korttidsplassar er tekne i bruk til langtidsplassar og ein g stue har vert brukt til avlastningsbustad for heimebuande. Fleire ressurskrevjande brukara har kravd ein til ein bemanning heile døgnet, dettefor å ivareta sikkerheita til brukarane sjølv og tilsette. Dette har krevd at vi har sete inn ekstra bemanning i periodar.

Heimetenesten har fleire brukara pga. at Bygdaheimen ikkje har ledige plassar. (HSS er brukt der det er mogleg) Mange av brukarane treng mange besøk dagleg og i tillegg har vi hatt fleire turistar som treng tenester på hytta. Kommunen pliktar å gje alle som oppheld seg i kommunen tilsvarande tenester som dei har vedtak på i heime-kommunen. Det tilfalla ikkje hyttekommunen midlar for å dekke desse kostnadane.

#### 2.1.4 Teknisk

Vakante stillingar knytt til byggjesak og arealplan er hovudårsaka til avvik. Dette vert delvis kompensert med auka innkjøp av tenester til arbeid med kommuneplan og kommunale detaljplanar.

## 2.2 Andre kostnader

### Totalt – andre kostnader pr. august

	R 2018-8	B 2018	R/B i %	R 2017-8	B 2017	R/B i %
<b>ALLE</b>	<b>50 785</b>	<b>72 565</b>	<b>69,98</b>	<b>48 115</b>	<b>75 107</b>	<b>64,06</b>
11 KJØP AV VARER/TJENESTER SOM...	20 880	29 202	71,50	23 153	33 907	68,28
13 KJØP AV TJENESTER SOM ERSTAT...	24 843	37 399	66,43	19 981	33 444	59,74
14 OVERFØRINGSUTGIFTER	5 062	5 964	84,87	4 982	7 757	64,22

#### Kommentarar:

Forskjell frå 2017 er at budsjett 2017 var eit brutto-budsjett medan 2018 er netto-budsjett (mva. er trukke ut). Tala kan difor ikkje nyttast ukritisk. Avvika er ikkje dramatiske og skuldast i stor grad forskjellig tidspunkt for når rekningane er motteke.

#### 2.2.1 Rådmannen med stab:

Svært mange kostnader er rekneskapsført midt i året. Budsjettet er ikkje periodisert. Avvika er under kontroll.

#### 2.2.2 Kultur og oppvekst:

Generelt høge kostnader pr. 2.dre tertial gruppe 11 Gjeld spesielt Kulturskulen som kjøper tenester frå andre kommunar til undervisning – 175.000. Vidare skyss til Læringsenteret på 200.000 som vert refundert.

Gruppe 13:.PPT på grunn av periodisering, barn i barnehage i annan kommune ca. 130.000.

Overføring til Læringssentert Gol 1 028 000 kr derav vil 278 000 kr ikkje bli refundert. Feil i NIR sitt program medførte at Hemsedal fekk utbetalt dette for mykje i 2017.

Overføringsutgifter gjeld den norske kyrkja. Overføringa er ikkje periodisert.

#### 2.2.3 Helse og omsorg:

Psykisk helse har betalt attende prosjektmidlar på kr 260.000 til psykolog.

Bygdaheimen og heimebaserte tenester har auke i kostnader grunna høgare belegg og ressurskrevjande brukarar.

Vidare har det vore gjennomført ein del opplæring i sektoren der det følgjer med prosjektmidlar.

#### 2.2.4 Teknisk

Avvika skuldast i store trekk at faktura blir sendt for forskjellige periodar. Ettersom budsjettet ikkje er periodisert vil det sjå ut som avvik. Det pågår undersøking i samband med etablering av nye råvassuttak på Krikken. Arbeidet har i 2018 kosta kr. 0,4 mill. Det er ikkje budsjettert med desse kostnadane, men overforbruket vert dekka ved bruk av sjølvkostfond/ redusert avsetning innanfor sjølvkostområdet vatn. For eigedom har det vore gjennomført relativt stort vedlikehald jfr. taklekkasje Ulsåk oppvekstsenter, og snøfjerning frå tak som driftskonsekvens. Som ein konsekvens av EPC- investeringar vert det avdekka ein del mindre driftstiltak knytt til malearbeid, elektro, rydding m.m.

#### 2.2.5 Finans – annet

Kostnadene til renter og avdrag er stort i samsvar med berekna, periodisert budsjett.

## 2.3 Inntekter

### Totalt – andre inntekter pr. august

	R 2018-8	B 2018	R/B i %	R 2017-8	B 2017-12	R/B i %
<b>ALLE</b>	<b>-35 857</b>	<b>-60 318</b>	<b>59,45</b>	<b>-40 790</b>	<b>-59 447</b>	<b>68,62</b>
16 SALGSINNTEKTER	-21 817	-39 172	55,70	-23 235	-36 329	63,96
17 REFUSJONER	-9 810	-10 036	97,75	-7 314	-9 160	79,85
18 OVERFØRINGSINNTEKTER	-4 230	-11 110	38,08	-10 241	-13 958	73,37

#### Kommentarar:

Bildet syner alle inntekter ekskl. refusjon for sjukdom og svangerskap (som går inn i oversynet for løn), frie inntekter (som blir kommentert for seg sjølv) og inntekter frå eigedomsskatt (som blir kommentert for seg sjølv). Budsjetterte inntekter 2018 er høgare enn budsjetterte inntekter i 2017, medan rekneskapsførte inntekter pr. august 2018 er betydeleg lågare enn tilsvarende periode i 2017.

Inntektssvikten på rekneskapen i høve til 2018 skyldast i hovudsak inntekter frå flyktningmottak og busette flyktningar. Desse inntektene var også ein stor årsak til det gode rekneskapsmessige resultatet i 2017. Det er viktig å kjenne til at mange av inntektene i 2017 var ekstraordinære og ikkje ein del av den ordinære drifta til Hemsedal kommune.

#### 2.3.1 Rådmannen med stab:

Ingen avvik pr. dato.

#### 2.3.2 Kultur og oppvekst:

Vi vil mangle opp mot 400 000 kr i brukarbetaling i barnehagane dette året. Dette er på bakgrunn av søknad om reduksjon i foreldrebetaling.

#### 2.3.3 Helse og omsorg:

Alle inntekter ligg godt i samsvar med budsjetterte inntekter.

Fysioterapi har motteke ei gave på kr 48.000 frå LHL, nytta til nytt treningsutstyr.

Bygdaheimen og omsorgsbustader har høgare salsinntekter grunna høgt belegg. Kr 18.000 er gaver frå brukarar.

#### 2.3.4 Teknisk

Underbemanning på planavdelinga har medført redusert kapasitet noko som gjer at saksbehandlingstida for nokon saker går utover 12 vekers frist for å krevje behandlingsgebyr. Vi må rekne med noko gebyrtap, utan at dette får vesentleg økonomisk konsekvens. Førebels ingen spesiell avvik å kommentere.

#### 2.3.5 Finans - annet

Inntekter frå bankinnskot er nokonlunde i samsvar med berekna, periodisert budsjett. Vi har motteke budsjettert eigaruttak frå Hemsedal Energi KF.

### 2.3.6 Frie inntekter – skatt og rammetilskot


Skatteinntektene blir rapportert månadleg som eigen informasjon til politisk nivå.

Skatteinntekter og rammetilskot må sjåast i samanheng ettersom høgare skatteinntekter særskilt for Hemsedal vil bety lågare rammetilskot i form av skatteutjamning.

#### Skatt:

Diagrammet til høgre syner prognosene for budsjett 2018 sett mot reelle skatteinntekter.


Skatteinntektene pr. august 2018 er 6,5 % høgare enn tilsvarende periode i 2017 og 5,7 % høgare enn prognosene for 2018.



#### Rammetilskot:

I høve til prognosene for 2018 har Hemsedal kommune fått om lag 1,6 mill. kroner mindre i rammetilskot pr. august 2018.

Vi har fått 713.000 kroner mindre enn same periode 2017.



#### Generell kommentar:

Skatteinntektene pr. august korrigert for reduksjon i rammetilskot (skatteutjamning) er positive. Meir skatteinntekter enn prognose vil normalt bety noko meir inntekter totalt. Kor mykje meir inntekter veit vi normalt ikkje før tidleg i desember.

### 2.3.7 Eigedomsskatt

	R 2018	B 2018	R 2017	B 2017	R 2016	R 2016
<b>ALLE</b>	<b>-5 785</b>	<b>-6 340</b>	<b>-7 135</b>	<b>-7 600</b>	<b>-9 862</b>	<b>-10 000</b>
18740 Eiendomsskatt annen eiendom	-5 785	-6 340	-7 135	-7 600	-9 862	-10 000

#### Generelt:

Administrasjonen har i samråd med Statnett AS valt å utsetje fakturering av eigedomsskatt til tvistesaken er løyst. Alternativet hadde vore å sette av inntekt til eit fond. Inntektene for 2018 vil truleg bli som vist i tabellen over, om ikkje tvistesaken blir løyst før nyttår.

Rådmannen har vurdert at reduserte inntekter på eigedomsskatt kan sjåast opp mot auka frie inntekter og gjer ikkje nokon budsjettsak ut av dette.

## 2.4 Investeringsar

Fokus – kostnader (etter at rekneskap 2017 er vedteke vil det bli overført ein del budsjettbeløp frå 2017)

Pr.	Prosjektnamn	R 2018-8	B 2018	Kommentar (nr.)
002	Ny GPS rover /målebok	0	240 000	Vert gjennomført
004	Brannstasjon	0	425 000	Vert gjennomført
005	Investering bygg jfr plan for vedlikehald/invest	758 200	2 160 000	Vert gjennomført
007	Veglys	0	640 000	Vert gjennomført
008	Sentralskule med trafikkareal	1 055 855	1 600 000	Vert gjennomført
012	Kjøp av IT-utstyr til skolen/bhg/kulturskule	0	187 000	Vert gjennomført
019	Avvatning Ulsåk RA	0	1 500 000	Utgår.
020	Tiltak gamle Venås bru – overtaking og sikring	0	240 000	Utsetjast til 2019
022	Etablering fleire kontor kommunehuset	517 154	400 000	Lagt fram eigen K- sak.
030	Ombygging vassforsyning i Holdeskaret/Holdebakken	75 299	61 000	Vert gjennomført
033	Kjøp av biler – eide dom (utan mva.refusjon)	518 950	540 000	Er gjennomført
041	Ny avløpsledning mellom pumpesetasjon Flaget – Fiskum	0	269 000	Fullført 2017 utan kostn. i 2018
045	Etablering av modulbarnehage Nibbi	304 497	400 000	Er gjennomført
049	Tiltak trafikktryggleiksplan	0	400 000	Vert gjennomført
057	Bygdaheimen - Velferdsteknologi - helse - video m.m	0	80 000	Vert gjennomført
072	VA – overvassledning Ulsåk – RV 52	1 212 030		Sjå kommentar
113	Grunnkjøp – Andre erverv		11 000 000	Sjå kommentar
114	Grunnkjøp BU7	18 644	9 000 000	Taksering areal
139	Ny innløppspumpestasjon, utj.og forbehandling på Trøim renseanl.	395 961	3 599 000	Vert gjennomført
149	Utbygging Svøo III	1 260 569	0	Tilbakekjøp tomt
160	Rehabilitering av ledningsnett (Ulsåk)	0	500 000	Vert gjennomført
164	EPC- energimerking m.m.	2 443 704	7 071 000	Sjå eigen kommentar
228	Utbygging VA nett Tinden	0	216 000	Vert gjennomført
239	Lettere gangvei Moavegen-Tuv – F-sak 25/18	515 504	4 244 000	Oppsetting veglys og pynting i 2019
240	Utbygging ambulanse / ombygging legekontor	597 779	745 000	Eigen K-sak
108	Ombygging Holdebakken Høydebasseng	0	450 000	Sjå eigen kommentar
142	Etablering g/s-veg Moavegen –Lauparvegen F-sak 25/18	0	1 000 000	Sjå eigen kommentar

### Kommentarar nr: 1-24

Budsjettsummer omgjort til nettobeløp. Fleire tiltaka er starta opp,- men førebels ikkje kostnadsført på alle – noko som kjem ved 3. tertial. Prosjektering og anbodsprosesser tek noko tid.

P.nr. 108. Avsette midlar til dette prosjektet vart ved ein feil overført til prosjekt 030 i investeringsbudsjettet for 2018. Prosjektering må gjennomførast i 2018 for å bygge ut bassenget i 2019. Bassenget må stå ferdig samstundes med ferdigstilling av Vy-utbygginga. Eigen sak vert fremme for kommunestyret.

P.nr. 113-114. Grunnkjøpsprosesser heng saman med reguleringsplanarbeid og realisering av sentralskulevedtak. Vert truleg ikkje gjennomført i 2018. Grunnerverv til ny g/s-veg Moavegen – Tuv vert ordna ved langvarige bruksrettsavtaler.

P.nr. 164. Gjennomføring av EPC vart hindra i vinter grunna konkurs hjå Norsk Enøk og Energi AS, kommunen sin avtalepart. Resultat av prosessen er forsinkingar, men garantiar på utstyr er sikra. Entreprenører garanterer for gjennomføring. Den Danske Bank har stilt med ein bankgaranti (i tråd med Norsk standard) på kr. 1 092 000,-, men utbetaling er ikkje utført. Dei jobbar med gjennomgang av dokumentasjon,- mellom anna takst.

P.nr. 142. Nytt tiltak gjeld sikring av g/s-veg frå Moavegen til Lauparvegen – tiltak som F-skapet gjorde vedtak om i samband med oppstartsvedtak g/s-veg Moavegen. Prosjekteringsarbeid har enno ikkje starta opp.

**Spesiell merknad:**

P.nr. 072. Vatn-, avløp og overvassledning gjennom Ulsåk sentrum og sørover langs RV-52 måtte takast som hastetiltak, for mellom anna å unngå innlekkning på reinseanlegget. Det er forhandla med Statens vegvesen (SVV) m.t.p. ansvar, og SVV skal dekke 50 % av kostnadane. Samla sum estimert til kr. 4 mill,- netto kr. 2 mill for kommunen. Tiltaket vil ikkje medføre auka låneopptak.

### 3. SPESIELLE HENDINGAR

#### 3.1 Rådmannen med stab:

Omorganisering internt i tenestetorget då me har flytta ressurs til å dekke stillinga som møtesekretær (nå; konsulent rådmannens stab), dette er per juni 2018 i ferd med å tilbakeføres då tilsetting er gjort. Statlige signal tyder på meir digitalisering, som på sikt vil føre til meir opplæring både internt og eksternt, spesielt til brukarar av kommunen sine tenester. Tilsetting for styrking av personal, april 2018.

#### 3.2 Kultur og oppvekst:

1. Kommunestyrevedtak 31.05.18: Avdeling Nibbi vart avvikla før skulestart 2018. Modul vert sett opp på Ulsåk. Om lag 485 000 kr er pårekna dette reknaksåret til drift og investering. Desse er budsjettert.
2. Statlege signal om fleire pedagogar i barnehagen gjev behov for å omgjere fagarbeidar til pedagog. Vi manglar etter den nye normen, to barnehagelærarar. Fagarbeidar går inn på dispensasjon.
3. Den nye norma med lærartettheit på skulen, har ikkje fått verknad i skulane her.
4. Auka lærarinnssats for 1.-4. trinn heiter no Auka lærarinnssats for 1.-10. trinn. Vi har fått utbetalt øyremerka midlar for våren og haust 2018 - kr 674 044. Tilskotet for 2018 går inn i ramma og vi må frå hausten be om overføring frå ramma.
5. Vi løner ein klubbmedarbeidar 2,5 time kvar måndag innanfor budsjettet for å fortsetje tiltak som KE sette i verk i 2017 for elevar på HBU på ettermiddagstid måndagar. Dette tilbodet kom etter eit behov/ynskje frå ungdomane. Mellom 15 og 25 ungdommar møter opp. Oppvekst vurderer om dette tiltaket kan og bør fortsetje i 2019.
6. Kulturskuleleiar har ikkje sett rom for å setje i verk tiltak med å få drift på Kultursalen. Det står mykje att for å kunne leige den ut. Salen er i bruk dagleg måndag til torsdag til kulturskulelevane. Kulturskuleleiar vil synleggjere behov og moglegheit for drift av kultursalen i eiga sak.
7. Tiltaka finansiert gjennom Tidleg innsats – ved øyremerka midlar frå direktoratet er nytt til å styrke lese- og skriveopplæringa på Ulsåk og Tuv skular. Det var stort behov for ekstra fagarbeidar ved HBU frå 01.08.18 med ei 40% og ei 60% - stilling. Tiltaka vart sett i verk med bruk av dei øyremerka midlane. Ordninga med overføring til kommunane ser ut til å opphøyre frå 1.1.2019 og midlane vert lagt inn i den totale ramma. Vidareføring skjer ved overføring frå ramma.
8. «Polenturen» vil trenge ei overføring på 70 000 kr til hausten. I summen er det rekna inn beløpet på 1 000 kr per elev som tidlegare vart overført til klassetur.

#### 3.3 Helse og omsorg:

Ressurskrevjande brukarar på Bygdeheimen og heimebaserte tenester har resultert i ekstra bemanning og overtidsbruk. Dette vil også resultere i overforbruk framover, da disse brukarane ikkje vil bli betre.

I veke 42 skal kommunen busetje ein flyktningfamilie på 6 personar. Kommunen har sagt ja til å ta imot 10 flyktningar i 2018.

#### 3.4 Teknisk

Det er framleis noko etterskot på planarbeid (plan og dispensasjonsbehandling) som har resultert i reduserte inntekter gjennom avkorting på behandlingsgebyr, grunna brot på 12 vekers regel. Arbeid med kommuneplan sin arealdel er tidkrevjande, vanskeleg å budsjettere. Opplæring av nytilsette i kombinasjon med stort arbeidspress har gjort det nødvendig å vidareføre kjøp av konsulenttenester innan overordna arealplanarbeid. Budsjettoverskriding vert forsøkt dekke ved streng budsjettkontroll, men i praksis er det lite rom for å kutte.

Som ein konsekvens av kommunestyrevedtak om tilrettelegging for flyktningar har ein starta opp med, etter ønskje frå NAV, å hastetilpassa Skogvegen 17 for å møte ein flyktningfamilie sine behov for fleire soverom. Dette arbeidet vert gjennomført med eigne ressursar, men vil på neste rapportering innebere ei budsjettoverskriding på ca. kr. 50-80.000. Samla for kommunen vil likevel tilskot som følgjer med flyktningane gi eit netto positivt resultat.

Kva gjeld tilknytningsgebyr for vatn og avløp er det venta at det kjem inn ca. 5,7 millionar meir i tilknytingsavgifter enn det er budsjettert med. Inntekta må henførast bunde vatn- og avløpsfond

Som ei naturleg oppfølgjing av Hovudplan for Vassmiljø/ Avløp er arbeidet med utarbeiding av forskrift og nytt gebyr regulativ (reduksjon av tilknytningsgebyr over på fast/variabel nivå) samt utviding av sjølvkostkostkalkyle for gebyrområdet tilsyn etter forureiningslova og utsleppsløyer prioritert. Det er henta inn pris frå konsulentmiljø, og dette arbeidet vil innebere ei kostnadsauke på kr. 150-200.000,-, der noko og vert fakturert på budsjettåret 2019. Kostnaden gjeld sjølvkostområdet, og vert finansiert med bruk av fond. Vi må jf. forureiningsloven §11- utarbeide forskrift. Kva for oppgåver kommunane skal ta gebyr for må avklarast. (Fett, olje, tilsyn, søknader, mm.). Kostnader forbundet med tilsyn av spredt avløp, fett- og oljeavskiljarar samt saksbehandling av utsleppsløyer etter forurensningslova kan finansierast med gebyr dersom eigen kalkyle vert sett opp for området. Hemsedal kommune reknar allereie utsleppssøknader som eiga sjølvkostområde, så det vil innebere ein utviding av dette området.

Det er registrert utgliding av plastring/ fundamentering i Heimsila omkring Skogstad bru/ gangbrua. Dette er påpeika av Statens Vegvesen, og ein har innhenta bruk kompetanse for ei nærmare vurdering. Det er viktig å få avklart om dette er noko som raskt vil forverra. Samtidig må ein få avklart korleis ein skal utbetre skaden, som truleg heng saman med isgang i samband med flommen i vår. Arbeidet vil medføre auka konsulentbruk under ansvar 3200. Avhengig av konklusjon kjem dette seinare opp som ei nytt tiltak.

## 4. VEDTAK

Sjå vedtaksoversyn:

<T:\Hemsedal\Leiargruppe\Tertiaillrapporter\2018\2. tertial\Vedtak>

### 4.1 Kommunestyret:

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	37/2017	Lag og organisasjoner. Bruksrettavtaler, bruk og utleige av bygga	Delvis vedteke – deler av sake vert teke opp etter avklaringar, jfr. Skulesaka
	66/2017	Utbyggingsavtaler og vidare reiselivsutvikling i Hemsedal	Oppfølgjing av vedtak vert følgd opp gjennom nye detaljreguleringsplanar. Prosess reforhandling av avtale med HISAS AS er starta – avventar tilbakemelding frå selskapet
	77/2017	Interpellasjon frå Janne Brøndbo (A) til kommunestyret 08.11.2017	Oppmoding om å ta inn elevar i språkpraksis. Det ikkje teke inn tiltak i Budsjett 2018 for å gje ungdom sommarjobb.
	82/2017	Panoramavegen - forespurnad om finansiering av vegutbetring	Prosessen med å nedklassifisere Panoramavegen til privat veg er ikkje påstarta grunna ressurser til gjennomføring. Vert jobba med juridiske avklaringar sommar 2018 – avklare rett saksgang m.m.
	90/2017	Framdriftsplan av fyrste byggesteg innan skule og barnehage	Prosessvedtak gjort – vert jobba vidare med oppfølgjing av saka inn i 2018
	33/2018	Behov og lokalisering av Hemsedal sine helse- og omsorgstenester	Sak til handlingsprogram/økonomiplan
	48/2018	Målform i Hemsedal kommune	Adm. Må lage sak som svar på spørsmål innan hausten 2018

## 4.2 Formannskapet

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	15/2018	Masterplan Røggjelia - Kva no ?	Skal fremjast eiga sak vedkommande hydrogeologisk utgreining for å frigjere utbyggingsareal i Røggjelia. Areal må inkl. Berg.

## 4.3 Hovudutval for plan og ressurs

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	9/2018	Næringsverksemd i fellesdrift - begrepsavklaring	Sendt tilbake til adm.for nærmare avklaringar. Avventer møte med NHO, og departementet med omsyn til avkl. «felles drift». Adm. førebur eit info- opplegg mot aktuell målgruppe.

## 4.4 Hovudutval for Plan og ressurs

Avvik	Vedtak	Vedtakstekst	Kommentar
	22/2018	Søknad om tilskot til rusfrie arrangement 2018	Livsløp ber om at det vert utarbeidd retningslinjer for tildeling av midlar til rusfrie arrangement sett i samanheng med kulturmidlar
	25/2018	Meldingar til møte i hovudutval for livsløp 7.6.2018	Utvalet ber om ei orientering vedr. Transport til VGO i løpet av oktober

## 5. Rådmannen sine konklusjonar pr. 2. tertial

### 5.1 Medarbeidarperspektivet

Sjukefråværet er lågt i høve til dei aller fleste andre kommunane i landet. Eit fortsatt fokus på området er viktig for å kunne gje brukarane dei tenestene som dei har krav på.

## 5.2 Økonomiperspektivet

### 5.2.1 Løn korrigert for refusjon sjukdom og svangerskap

Verksemndene har gode forklaringar på meir- eller mindre-forbruk av løn. For omsorg vil det vere eit meirforbruk av løn etter særskilt stor etterspurnad etter tenester. Noko av meirforbruket på institusjon skuldast at mannskap er lånt ut til heimebasert omsorg. Rådmannen ser det som ein stor styrke at både leiing og tilsette er fleksible til slik praksis.

Rådmanmen har pr. august ikkje særskilte kommentarar til lønskostnader korrigert for refusjonar sjukdom og svangerskap, men følgjer situasjonen månad for månad.

### 5.2.2 Andre kostnader

Dei store kostnadene vil i stor grad ha forskjellig periodisering frå år til år.

Rådmannen har ikkje særskilte kommentarar til andre kostnader pr. august.

### 5.2.3 Andre inntekter

Dei store inntektene vil i stor grad ha forskjellig periodisering frå år til år. Samanlikning med tidlegare år er vanskeleg å gjere ettersom t.d. 2017 hadde særstakke tilskot til flyktningar.

Frie inntekter ligg noko over prognose, men normalt vil ein ikkje kunne vere sikker før skatteoppgjaret er kjent.

Eigedomsskatt har pr. dato mindre-inntekt, men det skuldast også at Statnett AS ikkje er fakturert i påvente av endeleg oppgjør om eigedomsskatt for perioden 2010 – 2018.

Meir-inntekter som gjeld på tilknytningsgebyr (jfr. punkt 3.4) er inntekter som betrar netto driftsresultat. Desse inntektene har ikkje noko med normal drift å gjøre og skal setjast av til sjølvkostfond. Men, inntektene kompliserer rekneskapsbegrepa og kan fort bli tolka som at kommunen går betre økonomisk enn kva som er tilfelle.

### 5.2.4 Investeringar

Som rådmannen har peika på tidlegare er viljen til å investere betydeleg høgare enn evna til å gjennomføre. Det er liten vits i å budsjettet store investeringar og gjere låneopptak for å finansiere desse dersom dei blir utsett. Rådmannen har lagt opp til å finansiere fleire infrastruktur-tiltak med kapitalfond.

### 5.2.5 Forventa resultat 2018

Netto driftsresultat var pr. august 2017 positivt med 5,58 mill. kroner og rekneskapen vart avslutta med eit positivt netto driftsresultat for 2017 på 11,626 mill. kroner. Tilsvarande tal pr. august 2018 er negativt med 6,9 mill. kroner. Tala er ikkje utan vidare samanliknbare ettersom det i 2017 var inntektsført mange tilskot vedr. flyktningar og flyktningmottak.

Netto driftsresultat for 2018 vil bli betydeleg lågare enn i 2017, men dette vil avhenge av «teoripengane» som gjeld premieavvik og premiefond frå pensjonsordningane samt ev. ekstra-inntekter på sjølvkostområdet.

### 5.3 Spesielle hendingar

Dei einskilde verksemndene har skrive særskilte hendingar som har hendt i budsjettåret. Desse får stå for seg sjølv, men rådmannen vil minne om at nye behov i liten grad vil kunne dekkast av nye budsjettmidlar. Rådmannen har lagt opp til ei nøktern drift i samsvar med forventa inntekter i opprinnelig budsjett 2018, men sjølv då må ein nytte av fondsmidlar for å kunne finansiere ordinær drift. Når vi i tillegg veit at ein planlegger store investeringar dei komande åra med stor auke i finanskostnadene som følgje av dette vil rådmannen be om at nøkternhet for å setje i verk nye tiltak.

### 5.4 Løpende oppfølgjing av vedtak

Kommunestyret og fagutvala gjer ein del vedtak gjennom året. Desse blir følgd opp så godt som råd med dei ressursane som er tilgjengeleg.